

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Otterøy

Emne: Høgtidsmat v. familief.

Bygdelaq: Otterøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engjesvikja

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Fødsla.

1. Ja.
2. Her kom dei vel helst enkeltvis. Men det kunne nok hende det kom fleire samstundes. Det kan nok og hende at fleire slo seg ilag på ein slok tur, helst dersom dei trong fara over sjøen, og dei var frå same staden.
3. Det kjenner eg ikkje til, men det var trulig dei gjorde det, dersom dei var fleire i lag, så ikkje alle hadde med det same. Ellest var det no vel oftast graut.
4. Om det var noko visst om dette, veit eg ikkje, men det skulle visst iallfall ha gått ein 2 a 3 dagar før dei første kom. Men det kunne nok gå veker før dei siste kom.
5. Eg har ikkje høyrd at dei her møtte meir enn ein gong.
6. Det var visst oftast graut, risgryngraut, smørgraut eller og rymgraut.
7. Sjå svar 5.
8. Det eg kan hugse brukte dei store fat av steinty. Før hadde dei ventelig brukt dallar av tre.
9. Dei brukte namnet barsengmat (barselmat) eller barsenggraut (barselgraut), men det var jo ikkje alltid det var graut..
- ~~10. Det var nok nesten fast skikk at kone sjølv gjekk,~~
10. Det var nok nesten fast skikk at kone sjølv gjekk, men det kunne nok hende at ho sende ein annan, om ho av ein eller annan grunn ikkje hadde lyst til å gå sjølv.
11. Eg trur dei syntest det var leitt om mannen var med, og kan ikkje minnst at det var brukelig i gamal tid. No hender det somtid.
12. ~~Eg xxxxxxxxxx~~ Skikken her var at dei som kom med barselmat fekk traktering med det same. Dei fekk nok den ~~ixxxx~~ trakteringa som var vanlig ved visittar. Om det gjorde nokon skilnad at det var gut eller jente, har eg ikkje høyrd.
13. Noko eget namn på slike visittar har eg ikkje høyrd.
14. Ukjent.
15. Ja, eg trur det. Eg hugsar fortald om ei jente som skulle ha barn. Ei anna jente som skulle reise bort, gjekk til a med barselmat før ho fødde og årsaka seg med at ho ikkje vart heime når det skjedde. Folk som tala om dette, tykte det ikkje var pent gjort. Men ho gjorde det kanskje i god meining.
16. Denne skikken har, såvidt eg skynar, skifta litt om send frå byninga av dette hundraåret, så no er det visst ingen som går med graut.
17. Har ikkje høyrd om det.

- 2.
18. Ved dåpen får barnet gaver hos fadrane og nære slektningar. Ofte ein sølvgjenstand, eller og pengar.
 19. Det eg minnest, kan ein ikkje nettopp kalle det kalas, men eit meir stille selskap. Men kan godt vera at det tidligare hadde gått meir lystig for seg, t. d. med dans (?). Dei som var med, var fadrane og nære slektningar.
 20. Ja, barsel.
 21. Såvidt eg kan hugse, gjorde dei det. Det var jo skikk og bruk ved alle slike vertskap (selskap) før i tida. Om det var nokon bundi matsedel, veit eg ikkje.
 22. Det kjenner eg ikkje til, hugsar ikkje noko om. Men det hørde visst til god skikk at alla som var bedt, skaffa sending eller gav barnet gave eller begge deler.
 23. Sending er avlagt, men å gje barnet presang eller gaver er i bruk.
- B. Fødselsdagen.
24. Barna sin fødselsdag vart visst oftast feira, minstest. For vaksne var det vel meir av og til, ikkje nokon fast skikk. Dette med fødedagsfeiringa var vel nokså individuelt. somme brydde seg ikkje om det, andre kunne minnst fødedagen sin kvart år ved litt ekstra traktering for folket i huset. Kanskje vart det og bedt nokre kjenningar.
 25. Dagen vart vel dei fleste år mint om for alle i familien ved litt ekstra traktering, og det var nok ikkje alltid at framande vart bedt. Eg kan ikkje hugse nokon fast regel. Eg trur vaksne mannfolk sjeldan feira dagen utan det galdt dei "runde tal". Kvinnene var nok flinkare til å minnst fødedagane, både sine egne og andre sine i familien.
 26. Det var nok i tilfelle dei aller næraste. Eg trur det sjeldan hendte på bondebygda før at nokon som ikkje var bedt, kom og lykkenska med dagen.
 27. Eg veit ikkje at det vart brukt gaver til andre enn born før i tida, om det i det heile vart brukt. No gjev visst borna alltid pengar eller andre gaver når dei er i "jebursdag" hos kvarandre. No er det her komi meir i sving med "jebursdagar" enn før, iser millom kvinner. Storparten av dei held visst slike lag kvart år, krinsevis.
 28. Det veit eg ikkje å ha høyrd noko om.
 29. Desse samkomene er gjerne om kvelden når det gjeld vaksne folk, og trakteringa er såvidt eg skynar, vanlig høgtidstraktering med millom anna blautkake. Tildels har dei vel og hatt kringle eller blautkake med lys, det siste kanskje helst når det gjeld born (?).
- C. Konfirmasjon.
30. Da eg vart konfirmert (1890) kan eg ikkje hugse det var ansleis på konfirmasjonsdagen enn andre sundagar. Det var ikkje snakk om noko feiring, iallfall.
 31. Ja. I dei siste 20 a 30 år.
 32. Slekt og vener, Dei som har vori fadrane åt barnet, kan hende og prest og/ eller lærar. Men kvar av dei kan jo ikkje vera tilstades meir enn ein stad.
 33. Nei.
 34. Ja. Dei som er bedt til gjestbudet
 35. Har ikkje høyrd om det her.

- 4.
62. Nei.
 63. Kan hende brygga dei siropøl, dersom dei fekk tid til det. Eg kan eldsteikkje minnast bruk av alkohol i gravøl her i bygda, men eg veit andre bygder i Namdal, der alkohol i gravøl enno er i bruk (måtehalden bruk).
 64. Nei, ~~eg kan ikkje seie det.~~ kan ikkje seie det.
 65. Går fram av det som er sagt før.
 66. Nei.
 67. Ukjent her.
 68. Har det eg veit, ikkje vori vanlig her.
 69. Såvidt eg hugsar kring 1900. No er det vanlig. F. Nye festar.
 70. Ikkje det eg veit.
 71. Eg trur det er nokså mange. Nar dei bynte? Eg hugsar ikkje nett, men trur det er kring ein 20 år sia.
 72. Eg trur ikkje det er mange, iallfall enno.
 73. Det veit eg ikkje noko sikkert om.
 74. Kan ikkje hugse eg har sett avertert visse kakesorter til desse dagane, men derimot presanger.
 75. Det var vel nærmast gjennom pressa.

Fosslandsosen i novbr. 1953.

Johs. Ekker.

Høgtidsmat v. familief.

Otterøya

Johs. Ekker

Engjesvikja

Fosslandsosen

19

1

ja

A. Fødsla.

1. Ja.
2. Her kom dei vel helst enkeltvis. Men det kunne nok hende det kom fleire samstundes. Det kan nok og hende at fleire slo seg ilag på ein slok tur, helst dersom dei trong fara over sjøen, og dei var frå same staden
3. Det kjenner eg ikkje til, men det var trulig dei gjorde det, dersom dei var fleire i lag, så ikkje alle hadde med det same. Ellest var det no vel oftast graut.
4. Om det var noko visst om dette, veit eg ikkje, men det skulle visst iallfall ha gått ein 2 a 3 dagar før dei første kom. Men det kunne nok gå veker før dei siste kom.
5. Eg har ikkje høyrd at dei her møtte meir enn ein gong.
6. Det var visst oftast graut, risgryngraut, smørgraut eller og rymgraut.
7. Sjå svar 5.
8. Det eg kan hugse brukte dei store fat av steinty. Før hadde dei ventelig brukt dallar av tre.
9. Dei brukte namnet barsengmat (barselmat) eller barsenggraut (barselgraut), men det var jo ikkje alltid det var graut..
- ~~10. Det var nok nesten fast skikk at kone sjølv gjekk,~~
10. Det var nok nesten fast skikk at kone sjølv gjekk, men det kunne nok hende at ho sende ein annan, om ho av ein eller annan grunn ikkje hadde lyst til å gå sjølv.
11. Eg trur dei syntest det var leit om mannen var med, og kan ikkje minnst at det var brukelig i gamal tid. No hender detsomtid.
12. ~~Eg har ikkje høyrd~~ Skikken her var at dei som kom med barselmat fekk traktering med det same. Dei fekk nok den
13. ~~Eg har ikkje høyrd~~ trakteringa som var vanlig ved visittar. Om det gjorde nokon skilnad at det var gut eller jente, har eg ikkje høyrd.
13. Noko eget namn på slike visittar har eg ikkje høyrd.
14. Ukjent.
15. Ja, eg trur det. Eg hugsar fortald om ei jente som skulle ha barn. Ei anna jente som skulle reise bort, gjekk til a med barselmat før ho fødde og årsaka seg med at ho ikkje vart heime når det skjedde. Folk som tala om dette, tykte det ikkje var pent gjort. Men ho gjorde det kanskje i god meining.
16. Denne skikken har, såvidt eg skynar, skifta litt om send frå byninga av dette hundreaåret, så no er det visst ingen som går med graut.
17. Har ikkje høyrd om det.

- 2.
18. Ved dåpen får barnet gaver hos fadrane og nære slektningar. Ofte ein sølvgjenstand, eller og pengar.
 19. Det eg minnest, kan ein ikkje nettopp kalle det kalas, men eit meir stille selskap. Men kan godt vera at det tidligare hadde gått meir lystig for seg, t. d. med dans (?). Dei som var med, var fadrane og nære slektningar.
 20. Ja, barsel.
 21. Såvidt eg kan hugse, gjorde dei det. Det var jo skikk og bruk ved alle slike vertskap (selskap) før i tida. Om det var nokon bundi matsedel, veit eg ikkje.
 22. Det kjenner eg ikkje til, hugsar ikkje noko om. Men det hørde visst til god skikk at alla som var bedt, skaffa sending eller gav barnet gave eller begge deler.
 23. Sending er avlagt, men å gje barnet presang eller gaver er i bruk.
- B. Fødselsdagen.
24. Barna sin fødselsdag vart visst oftast feira, minstest. For vaksne var det vel meir av og til, ikkje nokon fast skikk. Dette med fødedagsfeiringa var vel nokså individuelt. somme brydde seg ikkje om det, andre kunne minnst fødedagen sin kvart år ved litt ekstra traktering for folket i huset. Kanskje vart det og bedt nokre kjenningar.
 25. Dagen vart vel dei fleste år mint om for alle i familien ved litt ekstra traktering, og det var nok ikkje alltid at framande vart bedt. Eg kan ikkje hugse nokon fast regel. Eg trur vaksne mannfolk sjeldan feira dagen utan det galdt dei "runde tal". Kvinnene var nok flinkare til å minnst fødedagane, både sine egne og andre sine i familien.
 26. Det var nok i tilfelle dei aller næraste. Eg trur det sjeldan hendte på bondebygda før at nokon som ikkje var bedt, kom og lykkønska med dagen.
 27. Eg veit ikkje at det vart brukt gaver til andre enn born før i tida, om det i det heile vart brukt. No gjev visst borna alltid pengar eller andre gaver når dei er i "jebursdag" hos kvarandre. No er det her komi meir i sving med "jebursdagar" enn før, iser millom kvinner. Storparten av dei held visst slike lag kvart år, krinsevis.
 28. Det veit eg ikkje å ha høyrd noko om.
 29. Desse samkomene er gjerne om kvelden når det gjeld vaksne folk, og trakteringa er såvidt eg skynar, vanlig høgtidstraktering med millom anna blautkake. Tildels her dei vel og hatt kringle eller blautkeke med lys, det siste kanskje helst når det gjeld born (?).
- C. Konfirmasjon.
30. Da eg vart konfirmert (1890) kan eg ikkje hugse det var ansleis på konfirmasjonsdagen enn andre sundagar. Det var ikkje snakk om noko feiring, iallfall.
 31. Ja. I dei siste 20 a 30 år.
 32. Slekt og vener, Dei som har vori fadrane åt barnet, kan hende og prest og/ eller lærar. Men kvar av dei kan jo ikkje vera tilstades meir enn ein stad.
 33. Nei.
 34. Ja. Dei som er bedt til gjestbudet
 35. Har ikkje høyrd om det her.

Høgtidsmat ved familiefestar.D. Bryllaup.

36. Eg hugsar dei snakka om festarøl, men har ikkje vori tilstades og/ hugsar heller ikkje at noko slikt var haldi. n
37. Eg kjener ikkje heller til nokon slik samankomst i nya-tia, men held det ikkje utrulig at det i somme familiar blir haldi ein liten familiefest når trulovinga blir offentlig.
38. Fleire dagars bryllaup her i bygda kan eg ikkje hugse. I min barndom hørde eg kanskje snakk om eitt bryllaup som rokk i 2 dagar. Høgda har vel vori at gjestane møtte til frukost andre dagen. Det vanlige har vel vori at det vart slutt første dagen utpå kvelden. a til d kan eg ikkje svára anna på enn at trakteringa har vori som i vanlige gjestebud og har ikkje gått etter nokon tradisjonsbundi skikkar. Skikkane før den tida eg hugsar var nok faste, men eg kjenner ikkje så mykje til dei at eg kan svára noko om dei.
39. Eg hugsar dei alltid sende sendingar, men ka, og kor mykje, veit eg ikkje.
40. Eg hugsar dei pynta smøret. Somme brukte smørform.
41. Det kjenner eg ikkje til.
42. Nest.
43. Gjestar som hadde lang veg hadde ventelig sendinga med når dei møtte opp. Dei som budde nærare, ~~sende sendingar~~ gjekk ventelig med a sjølv i førevegen, eller sende nokon annan. Kem? kjenner eg ikkje nokon regelfor.
44. Kjenner eg ikkje til. Men det er tenkjelig.
45. Ja, eg trur eg hugsar det.
46. No som sto for maten i vertskapet (selskapet) var kalla makkmora (matmora). Mannen som sto for å be til bords m.v., var kalla verten.
47. Nei. Men det kan hende dei næraste ~~makk~~ blir bedt om å møte dagen etter.
48. Det hender, men er ikkje vanlig
49. Det hender også, men er ikkje det vanlige.
50. Det må eg seie eg kjenner ikkje til
51. Nei det er visst ikkje vanlig anna enn ved "sølv", "gull" o. s .v.
- E. Gravøl.
52. Slekt og grannar. Vart bedt ved ein "bemann" før. No blir det kan hende også brukt andre måtar etter tilhøve, t.d. telefon.
53. Eg kjenner ikkje til at gravølet nokon gong har rokki meir enn ein dag. No er det oftast 2 a 3 måltider.
54. Som det er no: Frukost før gravferda, middag med kaffe etter, og some tider kveldsmat. Ved langbord, Ikkje gjestene servert ståande. -- Nokonlunde slik var det visst så langt attende eg minnest.
55. Det har eg ikkje høyrd om.
56. Ukjent for meg.
57. Som regel sto talet på gjester i høve til storleiken på husa. Var husa for små, fekk dei gjerne nytte nabo-husa.
58. Begge deler etter som det høvde.
59. Ja, i gamle dagar skulle dei nok det. No er det i det store og heile slutt med gamaldags sending. Dei næraste grannar og slektningane har vel tildels med seg ei blautkake eller tekake ell. liknande
60. Ukjent for meg.
61. Det kjenner eg ikje til.

- 4
62. Nei.
 63. Kan hende brygga dei siropøl, dersom dei fekk tid til det.
Eg kan ellestikkje minnast bruk av alkoholi gravøl her i bygda, men eg veit andre bygder i Namdal, der alkohol i gravøl enno er i bruk (måtehalden bruk).
 64. Nei, ~~eg kan ikkje seie det~~ kan ikkje seie det.
 65. Går fram av det som er sagt før.
 66. Nei.
 67. Ukjent her.
 68. Har det eg veit, ikkje vori vanlig her
 69. Såvidt eg hugsar kring 1900. No er det vanlig.
F. Nye festar.
 70. Ikkje det eg veit.
 71. Eg trur det er nokså mange. Når dei bynte? Eg hugsar ikkje nett, men trur det er kring ein 20 år sia.
 72. Eg trur ikkje det er mange, iallfall enno.
 73. Det veit eg ikje noko sikkert om.
 74. Kan ikkje hugse eg har sett avertert visse kakesorter til desse dagane, men derimot presanger.
 75. Det var vel nærmast gjennom pressa.

Fosslandsosen i novbr. 1953.

Johs. Ekker.